



KI-notat nr.: 17/2009 - Bakgrunn for vedtak

Søker/sak:	Sjøtroll Havbruk AS/utvidelse av settefiskanlegg avd. Fitjar		
Fylke/kommune:	Hordaland/Fitjar kommune		
Ansvarlig:	Øystein Grundt	Sign.:	
Saksbehandler:	^{Før} Ivar Sægrov	Sign.:	
Dato:	08 MAI 2009		
Vår ref.:	NVE 200704845-7 rv/ias		
Sendes til:	Søker og alle som har uttalt seg i saken		

Middelthuns gate 29
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO
Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no
Org. nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
0827 10 14156

Sjøtroll Havbruk AS, avdeling Fitjar – Løyve til regulering og vassuttak frå Storavatnet i Fitjar kommune i Hordaland for produksjon av yngel og settefisk**Innhald**

Innhald.....	1
Søknaden	2
Samandrag frå søknaden.....	2
Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) sine merknader	6
NVE si vurdering.....	8
Oppsummering	9
NVE sin konklusjon	10
Kommentarar til vilkåra	10

Sammendrag

Sjøtroll Havbruk AS har søkt konsesjon, datert 21.11.2006 til Fiskeridirektoratet, om å utvide produksjonen i settefiskanlegget ved Kjærrelva frå 2,5 mill til 5 mill stk. sjødyktig settefisk. Produksjonen er basert på regulering og vassuttak frå Storavatnet.

Fitjar kommune tilrår at det blir gjeve løyve til utviding, men legg til grunn at den blir basert på resirkulering og ikkje gjennomstrøymingsanlegg.

Grunneigarar ved Storavatnet påpeikar at det kan bli problem med høg vasstand dersom reguleringa av Storavatnet blir auka ved å heve HRV.

Fylkesmannen i Hordaland peikar i si fråsegn på at det er naudsynt med ein del restriksjonar i vassuttaket, eventuelt kombinert med tiltak for å betre muligheitene for oppvandring av sjøaure og laks. Alternativt blir det vist til at det må setjast vilkår om minstevassføring.

Søklar har i kommentarar til innkomne fråsegner presisert at anlegget blir bygd ut med resirkulering og at reguleringa av Storavatnet ikkje blir endra.

NVE legg til grunn at utviding av anlegget vil bli basert på utbygging med eit resirkuleringsanlegg. Planlagt vassuttak med eit slikt anlegg blir berre marginalt endra i høve til det som er oppgitt for det etablerte settefiskanlegget. Reguleringshøgda i Storavatnet blir ikkje endra, men NVE meiner at det ved utarbeiding av detaljplanar skal leggjast vekt på at dam/reguleringsanlegget får ei optimal funksjonell utforming for at vassressursen kan disponerast best mogleg. Dette er viktig både ut frå omsynet til allmenne interesser knytt til vassdragsavsnittet og turvande vasstilgang for settefiskanlegget.

NVE gjev Sjøtroll Havbruk AS, avdeling Fitjar løyve etter vassressurslova § 8, til å regulere Storavatnet med inntil 55 cm mellom LRV på kote 4,42 og HRV på kote 4,97.

Søknaden

"Oversendt til NVE frå Fiskeridirektoratet med brev datert 10.11.2008.

SØKJAR:	<i>Sjøtroll Havbruk AS Avdeling Fitjar</i>
ADRESSE:	<i>5397 BEKKJARVIK</i>
KONS. NR:	<i>H-FJ-4</i>
OPPDRETT AV:	<i>Laks og aure</i>
OMSØKT STORLEIK:	<i>5 mill stk</i>
KVA SAKA GJELD:	<i>Søknad om utviding av settefiskanlegget ved Kjæreelva i Fitjar kommune, frå ein produksjon på 2,5 mill stk til 5 mill stk. sjødyktig settefisk</i>

<i>Nr</i>	<i>Lokalitet</i>	<i>Kommune</i>	<i>Ant. setjefisk</i>	<i>Koordinatar</i> <i>Euref 89/WGS 84*</i>	<i>Vasskjelde</i>
<i>11493</i>	<i>Kjæreelva</i>	<i>Fitjar</i>	<i>5 mill</i>	<i>59° 54,068' N</i> <i>5° 17,701' E</i>	<i>Storavatnet"</i>

Samandrag frå søknaden

"Vassutak og regulering

Settefiskanlegget tilhørende Sjøtroll Havbruk AS avd. Fitjar, reg. nr. H/Fj 4, ble etablert i 1981 med en konsesjonsramme på 500.000 sjødyktig settefisk. Senere ble anlegget først utvidet til 1 mill stk settefisk og så til 2,5 mill stk settefisk, som er dagens konsesjonsramme. Anlegget ønsker nå å kunne utvide produksjonskapasiteten til 5.000.000 sjødyktig settefisk. Denne kapasitetsøkningen skal oppnås ved å bygge ut produksjonskapasiteten og bedret vannutnyttelse ved en mer effektiv utnyttelse av tilgjengelige vannmengder, større innblanding av oksygen og CO2-utlufting i karene på dagens anlegg.

Utvidelsen vil enten skje ved at det blir bygget et helt nytt resirkuleringsanlegg eller ved at dagens anlegg utvides med et tradisjonelt gjennomstrømningsanlegg, begge med en produksjonskapasitet på 2,5 mill stk sjøklar settefisk. Resirkuleringsanlegget eller det nye karanlegget vil fungere som en egen enhet ved siden av, fraskilt driften fra det nåværende anlegget, som for øvrig i sin helhet er plassert under tak.

Anlegget har sitt vanninntak i Storavatnet, der det ligger 4 stk inntaksledninger 75 m inn i vannet på 1,5 - 3 m dyp. For å få inn tilstrekkelig med vann til anlegget er det påmontert pumper på alle inntaksledningene. Alt ferskvannet blir filtrert og ozonert før det benyttes i anlegget, siden det er oppgang av laks og sjøaure til Storavatnet.

Vannbehovet ved et ordinært gjennomstrømningsanlegg vil være høyest, og teoretisk forbruk vil være størst i månedene august og september med mellom 60 og 70 m³/min. Vannbehovet i et utvidet kar- og resirkuleringsanlegg vil også være høyest i samme perioden, men med en forbrukstopp i september på nesten 50 m³/min. I forhold til gjennomsnittlig vannføring i vassdraget utgjør dette omtrent 20 %. Anlegget har anledning til å regulere Storavatnet med 55 cm mellom LRV på kote 4,42 og HRV på kote 4,97, noe som gir et magasin på over 1,5 millioner m³. Dette er tilstrekkelig til å sikre vanntilgangen de aller fleste år.

Sjøtroll Havbruk AS avd. Fitjar har stadfestet en oppdemningsrett fra 1829 på 0,55 meter i form av en rettskraftig Lagmannsrettsdom fra 1987, som senere er bekreftet av Høyesterett. Det vil bli utført kontinuerlig elektroniske målinger av vannstanden, slik at det kan dokumenteres at en holder seg innenfor rammene for tillatt reguleringshøyde. I tillegg er det etablert tilleggsoksygenering og CO₂-luftere på hvert av de store produksjonskarene, slik at det aktuelle vannforbruket i praksis vil være lavere enn det som her er beregnet som maksimum.

Utløpselven fra Storavatnet, Kjærelva, var fram til midten av 70-tallet blant de beste sjøaureelvene i Hordaland. Det slippes i dag vann i en kløft ved siden av demningen i utløpet av Storavatnet, og det er bare en gang siden 1995 at vannstanden i Storavatnet er målt lavere enn bunnen i denne. Dersom en velger å utvide med resirkuleringsalternativet, vil vannbehovet være minst, og nokså nær dagens nivå der det i praksis ikke er brukt mer enn 31 m³/min. Det søkes derfor om et uttak på inntil 35 m³/min for dette alternativet.

Storavatnvassdraget (NVE vassdragsnummer 044.5A) ligger nord på Stordøya i Fitjar kommune. Vassdraget har et nedbørfelt på 46 km² i henhold til NVEs Regime-database. Vassdraget drenerer fjellområdene i nordre delen av Stordøya, med høyeste punkt over ca 600 moh. Det er flere nokså store innsjøer i feltet, og alle ligger fra ca 300 moh og høyere.

Den planlagte utvidelsen av settefiskanlegget omfatter ikke noen nye eller omfattende naturinngrep. Det er ikke aktuelt med nye reguleringer og reguleringsregime i Storavatnet utover det som allerede er godkjent, og en planlegger i hovedsak å benytte eksisterende anlegg og installasjoner i tillegg til at det blir bygget en ny avdeling for utvidelsen på 2,5 mill stk sjøklar settefisk. Tiltaksområdet for det omsøkte tiltaket omfatter selve anleggsområdet, samt eventuell ny utslippsledning lagt i sjøen.”

Handsaming av søknaden

Etter retningslinjer for kunngjering og høyring (utarbeidd av Fiskeridirektoratet og NVE) har søknaden vore offentleg utlyst i samsvar med krava i Akvakultur- og Vassressurslova.

Fitjar kommune har i si fråsegn, datert 11.03.2008, konkludert slik:

"Fitjar kommune syner til saksflyten, merknader, dei faktiske tilhøva og til vurderingane i saka. På bakgrunn i dette, kan Fitjar kommune rå til at Sjøtroll Havbruk AS får auka produksjonsvolumet frå 2,5 millionar sjødyktig setjefisk til 5 millionar sjødyktig setjefisk basert på resirkuleringsanlegg, på den omsøkte lokaliteten ved Kjærelva i Fitjar kommune.

Konsesjonen som er lokalisert ved Kjærelva er i tråd med godkjent arealforvaltning, jf. Kommuneplanen 2002-2013.

Kommunen føreset at:

- 1. Utvidinga baserast på resirkuleringsanlegg, og ikkje gjennomstrøymingsanlegg*
- 2. Den konkrete utvidinga av anlegget skal fastsetjast av Fiskeridirektoratet og skal vera i tråd med kommuneplanen sin arealdel*
- 3. Turvande avtale (lakserett, vassuttak frå Storavatnet etc.) med aktuelle grunneigarar må liggja føre før utviding av anlegget*
- 4. Dei ulike avfallsfragmenta frå anlegget vert levert til godkjent deponi*
- 5. Reglar og reguleringar som til ei kvar tid gjeld, m.a. beredskapsplan, sjukdom i anlegget m.m., skal verta haldne.*
- 6. Anlegget til ei kvar tid held ein "høg miljøprofil", m.a. for å unngå unødig negativ fokusering i/for det aktuelle området.*

Fitjar kommune rår til at eventuell ny avlaupsleidning skal etablerast etter byggtেকnisk forskrift og overvakast, samt at utsleppsmengda skal registrerast".

Fylkesmannen i Hordaland i brev, datert 16.01.2009 til NVE:

"Syner til søknad frå Sjøtroll Havbruk AS datert 21.11.06 om utviding av setjefiskanlegget ved Kjærelva i Fitjar kommune, frå ein produksjon på 2,5 mill til 5 mill stk sjødyktig setjefisk. Fylkesmannen gir med dette innspel til NVE i saken i forhold til handsaming etter vassressurslova.

Kjærelva og vassdraget ovanfor har eit stort potensial for sjøaure, og til dels for laks.

Gytefisker har i periodar problem med oppvandring på grunn av uttak av vatn til setjefiskanlegget til Sjøtroll Havbruk AS frå Storavatnet. Redusert vassføring i Kjærelva har nok ofte gitt reduserte muligheiter for oppvandring, men det har berre vore eit fåtal år at fisken har blitt hindra i å vandre opp over lengre periodar. Denne situasjonen vil kunne endre seg i negativ retning dersom vassforbruket til setjefiskanlegget aukar, slik det er lagt opp til i søknad om utviding. Vi meiner difor at det er naudsynt med en del restriksjonar i vassuttaket, eventuelt kombinert med tiltak for å betre mulighetene for oppvandring av sjøaure og laks.

Dersom det ikkje settes i verk tilstrekkelig med andre tiltak for å sikre oppvandring av fisk frå sjøen, meiner vi at det må settes vilkår om minstevassføring i Kjærelva. Vi vil foreslå at denne må være minst 1 m³/s i perioden 01.07 — 15.10 og 0,2 m³/s resten av året.”

Grunneigarar ved Storavatnet Martin Vik, Christian Amyri, Gisle Vik og Grunneigarlaget for Storavatnet v/Randi Dalen, alle Fitjar,

viser i sine fråsegner til forlik om regulering av Storavatnet inngått 6.april 1829, dom i heradsretten 5. januar 1983 og i lagmannsretten 3. april 1987 og presiserar at det kan bli problem med høg vasstand dersom reguleringa av Storavatnet blir auka ved å heve HRV.

Søklar har i brev av 21.01.2008 kommentert grunneigarane sine innspel slik:

”Viser til 4 merknader/klager vedr. søknad om utviding av setjefiskanlegget til Sjøtroll Havbruk, avd. Fitjar. Dette gjeld frå 1. Martin Vik datert 26.11.2006, 2. Gisle Vik datert 29.01.2007, 3. Christian Amyri datert 15.12.2006 og 4. Grunneigarlaget for Storavatnet v/ Randi Dalen datert 27.06.2007:

- 1. Klage frå Martin Vik: Her vil grunneigar Martin Vik krevja erstatning for skade på eigedom i samband med utvidinga av setjefiskanlegget på Fitjar. Sjøtroll Havbruk AS vil primært byggja resirkuleringsanlegg, her har vi fått inn tre kar som vi testar ut teknologien på, noko som verkar svært lovande. Dermed vil ikkje Sjøtroll Havbruks ta ut meir enn 35 m³/min, noko som er langt under dei rettighetene grunneigar Frode Fitjar har, som er på 48 m³/min, og det vil heller ikkje påverka eigedomen til Martin Vik. Påstanden om at det har vært dårleg kontroll med reguleringa, vil vi avvise, da det vert fortløpande overvaka og justert med demninga.*
- 2. Uttale frå Gisle Vik: Visar her til ovannemnde, og kan derfor ikkje sjå at ei utviding skal skada eigedomen til Gisle Vik.*
- 3. Klage på oppdemming av Storavatnet frå Christian Amyri: Trur dette er ei misforståing. Dei 55 cm som er nemnd i utlysinga, er den reguleringa som finnes i dag, som er høgde-forskjell mellom kross i fjell og topp demning. Det er ikkje søkt om å heva vasstanden i Storavatnet. Når det er sagt, så har Fylkesmannen uttalt at det hadde vært positivt for oppgang av villfisk i Storavatnet, om ein hadde heva vassspeilet, da ein då sikra ei meir stabil vassføring i Kjærelva. Men skal dette vera aktuelt, så må det koma som ein eigen sak frå Fylkesmannen i eit seinare høve.*
- 4. Merknad frå Grunneigarlaget for Storavatnet v/ Randi Dalen: Visar til det som er nemnd ovafor, der vi gjer greie for vassbruken, og det som kan påverke villfisken positivt.”*

Søklar har vidare i brev datert 28.02.2009 særskilt kommentert fylkesmannen si fråsegn slik:

”Visar til brev frå Fylkesmannen til NVE datert 16.01.2008, vedr. søknad frå Sjøtroll Havbruk AS om utviding av setjefiskanlegget ved Kjærelva i Fitjar kommune. Vi vil bare vise til nokre punkter som påverkar denne uttalen.

Høyesterett har avsagt dom i denne saken den 27. oktober 1987. I denne dommen slår ein fast at Rasmus Fitjar (nå Frode Fitjar), har rett til å bruka 800 l pr. sek. frå Storavatnet. Ein slår også fast at ein ikkje har lov å demma vatnet høgre enn HRV, som er 4,97 moh og ein har

heller ikkje rett til å tappe vatnet lågare enn LRV som er 4,42 moh. Reguleringshøgda er da 55 cm. Når vass-speilet kjem ned til elveterskel, har ein framleis moglegheit til å tappa vatnet ned med ytterlegare 18 cm til LRV.

I dommen frå Gulating Lagmannsrett, står det følgjande: Selv om ankemotparten har rett til å stenge hele Kjærelven ved oppdemming, har de ikke benyttet seg av dette. De åpner opp når fisken går opp, hvilket fangstene i Storevann i de senere år viser.

I den same dommen står det også to avsnitt, sitat: Heller ikke kan vassdragslovens øvrige bestemmelser, som de ankende har påberopt, komme til anvendelse på den gamle oppdemningsretten.

Heller ikke kan lakselovens bestemmelser får noen begrensende innflytelse på den meget eldre oppdemningsrett. At lakseloven for øvrig gjelder for vassdraget, er på det rene.

Dette til informasjon, så håpar vi at det kan finnas andre løysingar på denne utfordringa, som alle kan godta og ikkje endrar rettighetene.”

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) sine merknader

Om Søker

Søker er sjøtroll Havbruk AS og er blant Norges største oppdretts- og foredlingsbedrifter. Sjøtroll AS har hovudsakelig produksjonsanlegg i Hordaland.

Om søknaden

Produksjonen av settefisk ved Kjærelva i Fitjar vart starta opp i 1981 og gjeldande produksjonsramme er 2,5 mill sjødyktig settefisk. Søknaden gjeld ei utviding til 5 mill.

Anlegget sitt vassuttak frå vassdraget er basert på gamle rettar for regulering og uttak av vatn direkte frå Storavatnet som er regulert 55 cm med HRV på kote 4,97. I søknaden er det gjort greie for reguleringsretten til Storavatnet som fyrst vart etablert i 1826. Reguleringa er delvis basert på ei mindre oppdemning med HRV på kote 4,97 og senking ned til kote 4,42. Det er også privatrettsleg fastlagt at rettshavaren til reguleringa kan ta ut inntil ca 800 l/s frå vassdraget/magasinet i Storavatnet.

I søknaden er gjort greie for, og lagt fram, aktuell dokumentasjon på vassressursen i høve til vassforbruket som vil vere nødvendig for den planlagte produksjonsauken i anlegget. Det er skissert at utvidinga av settefiskanlegget kan etablerast alternativt med eit heilt nytt resikulasjonsanlegg eller eit utvida gjennomstrøymingsanlegg, eventuelt med kombinert løysing. I søkjar sine kommentarer til innkomne høyringsfråsegner, opplyser søkjar at det primært vil bli satsa på å bygge ut anlegget med resirkulering. NVE legg såleis til grunn at anlegget blir bygd ut etter dette alternativet.

Eksisterande forhold i vassdraget

Vassuttak og hydrologiske verknader:

Storavatnvassdraget (044.5A) ligg nord på Stordøya i Fitjar kommune. Vassdraget har eit nedbørfelt på 46 km². Det er rekna med ei spesifikk avrenning på 109 l/s/km². Gjennomsnittleg vassføring i Kjærelva (ut frå Storavatnet) vil gjennom året utgjere ca 5,01 m³/s (5010 l/s). Vassdraget ligg nær kysten og det har eit lågtliggjande nedbørfelt. Avrenninga er i eit normalår størst om hausten og i vinterhalvåret.

Det er opplyst at maksimalt vassuttak til eksisterande anlegg er ca. 31 m³/min. Dette vassuttaket er basert på dokumenterte rettar både til regulering og vassuttak frå Storavatnet. Det ligg føre dom frå lagmannsretten i 1987 og som seinare er stadfesta i Høgsterett for reguleringa mellom kote 4,42 og kote 4,97. Det er også fastsett ein rett til eit vassuttak på inntil ca 48 m³/min (800 l/s). Det er ikkje opplyst om eit slikt maksimalt vassuttak er knytt til tidlegare utnyttingsformer i vassdraget eller om det er fastlagt i høve til eit meir kontinuerleg uttak til settefiskproduksjon. Settefiskanlegget tek ut vatn frå fire inntak på 1,5 - 3 m djup i Storavatnet. Planlagt maksimalt vassuttak med resirkuleringsanlegg er i søknaden oppgitt til 35 m³/min (583 l/s).

Magasinet i Storavatnet er med full reguleringshøgde på 1 584 000 m³. Om magasinet blir tappa med 30 m³/min meir enn tilsiget, vil vasstanden synke med 1,5 cm i døgnet og magasinet vil vare i 37 døgn. Det er svært lite sannsynleg er at dette skal skje i juli (ca 1%) medan det er omtrent 4 % (i eitt av 25 år) på månadsbasis for august.

For eit gjennomstrøymingsanlegg vil vassforbruket ved anlegget være størst i august og september med teoretisk maksimum på høvesvis omtrent 60 og 70 m³/min. I september vil det være nok tilrenning i 29 av 30 år, medan det i eit normalår vil bli nødvendig å tappe av magasinet i august, dersom vassforbruket blir så høgt som berekna. Vassbehovet i et utvida karanlegg vil være høgst i perioden august - oktober med ein forbrukstopp i september på 68,3 m³/min. Vassbehovet i eit utvida kar- og resirkuleringsanlegg anlegg vil også være høgst i perioden august - oktober med ein forbrukstopp i september på 48,2 m³/min.

Det gjennomsnittlige årlege tilsiget frå nedbørfeltet er på omtrent 300 m³/min. Minst tilrenning er det i juli med under 200 m³/min i et gjennomsnittså. Størst vassbehov i forhold til tilrenninga har anlegget på ettersommeren og utover hausten når både haust- og eittårssmolt står i anlegget og temperaturen er høg. I et gjennomsnittså vil dette bety at det ved utbygging av et gjennomstrøymingsanlegg vil omtrent 20% av tilsiget i juli til september bli nytta i anlegget. Eit anlegg som også nyttar resirkulering vil berre trenge 13-17 % av tilsiget i perioden for eit normalår.

Villaks og sjøaure

Sjøaurefisket i utløpselva fra Storavatnet, Kjærelva, var fram til midten av 70-talet mellom dei beste i Hordaland; nest etter Granvinselva. Dei siste 15 åra har det i gjennomsnitt har blitt fanga 17 laks og 115 sjøaure årlig i Kjærelva. Det er i søknaden vist til at det er sannsynleg at mykje av laksen som blir fanga er rømt oppdrettslaks. Slik saka er opplyst er tilhøva i Kjærelva av vital betydning for oppgang av anadrom fisk til vassdraget. For gyting og oppvekst av laks og sjøaure har likevel elvestrekkja liten verdi.

Årsaker til den markerte nedgangen i fangstane av laks og sjøaure frå siste halvdel av 70-åra kan truleg vere fleire. Settefiskanlegget vart starta opp i 1981. Om vassuttaket då vart endra både i høve til reguleringsregimet av Storavatnet og vassføringa i Kjærelva er ikkje dokumentert. NVE finn likevel at opplysningane som ligg føre må tolkast slik at vassressursen i det vesentleg har blitt disponert innfor ramma av dei privatrettslege avtalane, som er omtala ovanfor.

Det er ei viktig allmenn interesse at omsynet til villaks og sjøaure i vassdraget blir vektlagt etter bærekraftige prinsipp. Opplysningar i saka tyder ikkje på at regulering av Storavatnet i seg sjølv medfører større ulemper for desse fiskeartane. For NVE er det i fyrste rekke tilhøva i Kjærelva som framstår som den vesentlege utfordringa i saka. Det er då serleg oppgangstilhøva for anadrom fisk frå sjøen til Storavatnet som vil kunne vere kritisk. Kravet vil her vere å sikre tiltreккеleg vassføring ut frå Storavatnet i periodar då anadrom fisk vandrar opp i vassdraget.

Arealbruk

Anlegget som er lokalisert ved Kjærelva er i tråd med godkjent arealplan, jf. kommuneplanen for Fitjar 2002-2013.

Høyring og distriktshandsaming

Nedenfor følger ei kort oppsummering av hovedpunktane i høyringsuttalesane.

Fitjar kommune viser i si fråsegn til at lokaliseringa av anlegget er i samsvar med kommunal arealplan. Kommunen tilrår at det blir gjeve løyve til utviding, men legg til grunn at den blir basert på resirkulering og ikkje gjennomstrøymingsanlegg.

Fylkesmannen i Hordaland peikar i si fråsegn på at det er naudsynt med ein del restriksjonar i vassuttaket, eventuelt kombinert med tiltak for å betre moglegheitene for oppvandring av sjøaure og laks. Alternativt blir det vist til at det må setjast vilkår om minstevassføring.

Grunneigarar ved Storavatnet, Martin Vik, Christian Aamyri, Gisle Vik og Grunneigarlaget for Storavatnet v/Randi Dalen, alle Fitjar, viser i sine fråsegner til forlik om regulering av Storavatnet inngått 6.april 1829, dom i heradsretten 5. januar 1983 og i lagmannsretten 3. april 1987. Det blir i deira fråsegner presisert at det kan bli problem med høg vasstand dersom reguleringa av Storavatnet blir auka ved å heve HRV.

Verknader som tiltaket vil medføre

Fordelar

- Utvidinga av settefiskanlegget med resirkulering vil, med den etablerte retten til oppdemming og regulering av Storavatnet, gje relativt sikker tilgang på vatn til den planlagte produksjonen av settefisk.
- Auka produksjon i anlegget vil sikre planlagt drift av eit tidsmessing og godt utbygd settefiskanlegg

Ulemper

- Regulering av Storavatnet vil kunne gje periodar med lita vassføring i Kjærelva frå vatnet og ned til sjøen, og utan vilkår om minstevassføring kan elvestrekkja bli tørrlagt.

NVE si vurdering

Ingen av høyringspartane går i mot at det blir gjeve løyve til utviding av settefiskanlegget. Det er frå grunneigarane ved Storavatnet uttrykt skepsis til at magasinet skal aukast ved å heve HRV. Fylkesmannen tilrår heilårleg minstevassføring eller alternativt at det blir gjort andre særskilde tiltak for å sikre tilstrekkeleg vatn for oppgang av anadrom fisk til vassdraget.

NVE vurderer det slik at etablert regulering av Storavatnet i det vesentlege vil ligge innafor det som kan definerast som naturlege variasjonar i vasstanden. Demninga vil i periodar halde vatnet attende etter at magasinet er tappa er tappa under HRV og såleis påverke det naturlege avrenningsregimet til Kjærelva. I slike tilfelle kan elva verte turlagt om det ikkje vert fastsett ei minstevassføring, og grunna utvidinga kan lengden på desse periodene auke sjølv om det med resirkuleringsanlegg berre vert i avgrensa omfang.

NVE legg vekt på at settefiskanlegget gjennom året vil nytte ein relativt liten del av vassføringa.

Maksimalt vil vassuttaket kunne komme opp i ca 12 % av midlare vassføring gjennom året. Planlagt vassuttak, slik det er skissert i søknaden og seinare presisert i kommentarar til innkomne fråsegner, vil likevel bli størst i periodar av året då tilrenninga til vassdraget oftast går ned mot lågvassføring. Magasinet i Storavatnet vil soleis vere avgjerande viktig for å sikre vatn til anlegget i tørre år.

Sjølv med reguleringa av Storavatnet og planlagt vassuttak, vil Kjærelva i lange periodar ha tilnærma naturleg vassføring. Dersom det ikkje settes i verk tilstrekkelig med andre tiltak for å sikre oppvandring av fisk frå sjøen, meiner Fylkesmannen at det må settes vilkår om minstevassføring i Kjærelva Fylkesmannen meiner at denne må være minst 1 m³/s i perioden 01.07 — 15.10 og 0,2 m³/s resten av året. NVE er samd med Fylkesmannen i at det bør sleppast minstevassføring av omsyn til fisk slik anna akvatiske organismar på elvestrekkjet som blir fraført vatn. NVE meiner likevel at flaumar vil ivareta mykje av hensynet til oppvandringa og meiner det kan sleppast noko mindre minstevassføring om hausten samanlikna med Fylkesmannens forslag.

Vilkår om minstevassføring vil kreve at det blir lagt eit hushalds-/driftsbudsjett for vassressursen. Det er NVE si vurdering at ei avgrensa minstevassføring ikkje i vesentleg grad vil redusere verdien av magasinet i Storavatnet. NVE legg her vekt på at det i eit normalår vil vere rikeleg tilgang på vatn og lange periodar med monaleg overløp frå magasinet. Samstundes meiner vi at eit slikt pålegg vil sikre at Kjærelva ikkje vert påført ulemper av særleg betydning.

Det er NVE si vurdering at det ved detaljplanlegging av vassuttak og reguleringsanlegg skal leggjast vekt på å sikre og ev betre oppgangstilhøva til Storavatnet. Det er gjeve innspel på at noko auka magasineri i Storavatnet (inntil 15 cm) kan sikre vatn både til settefiskanlegget og tilstrekkeleg vassføring i Kjærelva i viktige oppgangsperiodar. Slik saka er fremma frå søkjar, grunneigarane omkring Storavatnet sine fråsegner og søkjar sine kommentarar til desse, er det NVE si vurdering at det er lite rom for å opne for regulering av Storavatnet som i nemnande grad går ut over det som er fastlagt i den private avtalen som er lagt fram. Dette har heller ikkje vore en del av søknaden.

NVE finn derimot at det i arbeidet med utarbeiding av ev. detaljplan for reguleringsanlegget og vassuttaket, skal leggjast vekt på å få til løysingar som best mogleg ivaretek omsynet både til private og allmenne interesser på vassdragsavnittet. Aktuelle detaljplanar vil m.a. kunne omfatte regulerings-/damanlegget og arrangement for minstevassføring.

Oppsummering

NVE legg i vurderinga vekt på at tiltaket vil betre grunnlaget for auka produksjon i settefiskanlegget og dermed sikre vidare drift og arbeidsplassar knytt til anlegget. Planlagt auke i vassuttaket er moderat og utvida konsesjon vil ikkje i nemnande grad gje verknader for vassdraget som er annleis enn det som har vore situasjonen med drifta av det eksisterande anlegget.

NVE vurderer det likevel slik at det må settast vilkår om ei fast minstevassføring til Kjærelva ved ein ev. konsesjon.. Ei moderat minstevassføring vil kunne hindre tørrlegging som vil vere uheldig for anadrom fisk og anna vasstilknytta liv og for elva som landskapselement.

Ved utarbeiding av ev. detaljplanar for vassdragsanlegget skal det leggjast vekt på å få til løysingar som optimaliserar bruk av magasinet i Storavatnet. Dette for at omsynet både til allmenne interessar knytt til vassdraget og ei sikker vassforsyning til settefiskanlegget blir ivaretatt.

NVE sin konklusjon

Etter ei samla vurdering av planane og dei fråsegner som ligg føre, meiner NVE at fordelane ved tiltaket er større enn skader eller ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. Sjøtroll Havbruk AS, avd. Fitjar får på dette grunnlag løyve etter vassressurslova § 8 til å regulere Storavatnet med inntil 55 cm mellom LRV på kote 4,42 og HRV på kote 4,97. Vassuttaket skal, i samsvar med søknaden vere avgrensa til maksimalt 35 m³/min (583 l/s). Anlegget skal byggjast med resirkuleringsanlegg.

Kommentarar til vilkåra

Post 1. Reguleringsgrenser, minstevassføring og vassuttak

Storavatnet kan regulerast med inntil 55 cm med HRV på kote 4,97 og LRV på kote 4,42.

Kotehøgder skal overførast til eit vasshøgdemål (skala i cm) som skal monterast godt synleg ved utløpet av Storavatnet. Plassering og utforming skal godkjennast av NVE, jf post 4.

Minstevassføring:

I store delar av året vil det være god vassføringa i Kjærelva. NVE meiner at det av omsyn til oppvandrande gytefisk skal sleppast ei minstevassføring frå Storavatnet på minimum 250 l/s i perioden 1. august — 15. oktober. For å sikre at elvestrekninga ikkje bli tørrlagt i periodar med magasinfylling skal det sleppast ei minstevassføring til Kjærelva frå Storavatnet på minimum 200 l/s resten året.

Ved utløpet til Kjærelva frå Storavatnet skal det etablerast ei måleanordning for registrering av minstevannføring. Aktuelle data skal leggjast fram for NVE ved førespurnad.

Vassuttak:

Vassuttaket skal avgrensast til maksimalt 35 m³/min (583 l/s). Vassmålar skal installerast og vassuttaket loggførast kontinuerleg.

Post 2. Byggjefristar osv.

Fristen gjeld også for etablering/ombygging av anlegget for vassuttak frå Storavatnet. Krav til minstevassføring gjeld frå dato for løyvet. Plan for tiltaket må være godkjent av NVE etter vilkåra i post 4, og arbeidet være sett i gang innan tre år etter at dette løyvet er gjeve. Vidare må arbeidet fullførast i normalt tempo.

Post 3. Konesjonæren sitt ansvar ved anlegg/drift osv.

Konesjonæren pliktar å sjå til at han sjølv, hans kontraktørar og andre som har med anleggsarbeidet og drifta å gjere, unngår øydelegging av naturførekomstar, landskapsområde, fornminne osv. Om slike øydeleggingar ikkje er til å unngå, skal rette fagmynde underrettast i god tid.

Post 4. Godkjenning av detaljplanar, landskapsmessige tilhøve osv.

Detaljerte planar skal godkjennast av NVE og sendast til NVE sitt regionkontor i Førde i god tid før arbeidet vert sett i gong. Detaljar med prosjektet som ev vegar, landskapsmessige tilhøve, anordning for nedtapping, inntak, vassleidningar osv vil ligge under denne post.

Eventuell nedlegging av anlegget eller delar av anlegget skal gjennomførast i samsvar med prosedyrar etter denne posten.

Post 5. Naturforvaltning

Eventuelle pålegg i medhald av vilkåret må være relatert til skader forårsaka av tiltaket og stå i forhold til tiltaket sin storleik og verknadar. Konsesjonæren pliktar etter nærare pålegg av fylkesmannen å sørgje for at tilhøve i vassdraget er slik at dei stadeigne fiskestammane i størst mogleg grad opprettheld naturleg reproduksjon. Fylkesmannen kan gje pålegg om å kompensere for skadar på den naturlege rekruttering av fiskestammane ved tiltak.

Post 8: Tersklar m.v

Dette vilkåret gjev heimel til å påleggje konsesjonær å etablere tersklar, eller gjere andre biotopjusterande tiltak som bygging av tersklar, utdjuping av kulpar i elvelaupet mv. dersom dette seinare skulle vise seg naudsynt.

Dersom inngrepa fører til erosjonsskadar, fare for ras eller overfløyming, eller aukar sannsynleg heita for at slike skadar vil inntreffe, kan NVE påleggje konsesjonæren å koste sikringsarbeid eller delta med ein del av utgiftene med dette.